KOMMISJONSVEDTAK **2005/EØS/49/19**

av 4. april 2003

om mellombels marknadsføring av visse frø frå arten *Triticum aestivum* som ikkje stettar krava i rådsdirektiv 66/402/EØF(*)

[meldt under nummeret K(2003) 1107]

(2003/244/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 66/402/EØF av 14. juni 1966 om markedsføring av frø fra fôrvekster([1]), sist endra ved direktiv 2001/64/EF([2]), særleg artikkel 17, og

ut frå desse synsmåtane:

1) I Irland og Belgia er mengda tilgjengelege frø frå sortar av vårkveite (*Triticum aestivum*), som er eigna for dei nasjonale klimatiske tilhøva og som stettar krava i direktiv 66/401/EØF med omsyn til høvesvis spireevne eller feltinspeksjonar, ikkje tilstrekkeleg og kan difor ikkje dekkje etterspurnaden i desse medlemsstatane.

2) Det er ikkje mogleg å dekkje etterspurnaden etter frø frå denne arten på ein tilfredsstillande måte med frø frå andre medlemsstatar eller frå tredjestatar, samstundes som alle krava i direktiv 66/402/EØF vert stetta.

3) Irland og Belgia bør difor fram til 30. april 2003 få løyve til å marknadsføre frø frå denne arten som er underlagde mindre strenge krav.

4) Andre medlemsstatar som er i stand til å forsyne Irland og Belgia med frø frå denne arten, bør få løyve til å tillate marknadsføring av slike frø.

5) Dessutan bør Irland og Belgia fungere som koordinatorar for å sikre at den samla mengda med frø som løyvet omfattar i medhald av dette vedtaket, ikkje overstig den største mengda som er fastsett i dette vedtaket.

6) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for frø og økslingsmateriale innan jordbruk, hagebruk og skogbruk —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

1. Fram til 30. april 2003 er det tillate med marknadsføring i Fellesskapet av vårkveite som ikkje stettar dei krava som er fastsette i direktiv 66/401/EØF med omsyn til minste spireevne, dersom dei vilkåra som er fastsette i vedlegget til dette vedtaket og dei følgjande krava, er stetta:

a) spireevna er minst 80 % av reine frø,

b) den offisielle etiketten skal vere påført opplysningar om kva spireevne som er fastlagd i den offentlege frøkontrollen som er utført i medhald av artikkel 2 nr. 1 del F bokstav d) og artikkel 2 nr. 1 del G bokstav d) i direktiv 66/402/EØF.

2. Marknadsføring i Fellesskapet av dei frøa som er nemnde i nr. 1, skal berre tillatast dersom dei første gongen vart marknadsførde i samsvar med artikkel 3 i dette vedtaket.

Artikkel 2

1. Fram til 30. april 2003 er det tillate med marknadsføring i Fellesskapet av vårkveite som ikkje stettar dei krava som er fastsette i direktiv 66/402/EØF med omsyn til feltinspeksjonar, dersom dei vilkåra som er fastsette i vedlegget til dette vedtaket og dei følgjande krava, er stetta:

a) avlinga har ikkje vore underlagd offentlege feltinspeksjonar eller feltinspeksjonar under offentleg tilsyn,

b) den offisielle etiketten skal vere påført opplysningar om:

i) at frøa stettar vilkåra i vedlegg I til direktiv 66/402/EØF,

ii) at frøa verken ved offentleg gransking eller ved gransking under offentleg tilsyn har stetta vilkåra i nr. 1.

2. Marknadsføring i Fellesskapet av dei frøa som er nemnde i nr. 1, skal berre tillatast dersom dei første gongen vart marknadsførde i samsvar med artikkel 3 i dette vedtaket.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 89 av 5.4.2003, s. 39, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 104/2003 av 26. september 2003 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se *EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende* nr. 64 av 18.12.2003, s. 10.

([1]) TEF 125 av 11.7.1966, s. 2298/66.

([2]) TEF L 234 av 1.9.2001, s. 60.

Artikkel 3

Ein leverandør av frø som ønskjer å nytte seg av det unntaket som er fastsett i artikkel 1 og 2 med omsyn til marknadsføring av frø, skal levere inn søknad til medlemsstaten der han/ho er etablert.

Den medlemsstaten som det gjeld, skal gje leverandøren løyve til å marknadsføre desse frøa, med mindre:

a) han er i sterk tvil om leverandøren er i stand til marknadsføre den frømengda som han/ho har søkt om løyve til, eller

b) den samla mengda som det er gjeve løyve til å marknadsføre i medhald av det aktuelle unntaket, vil overstige den største mengda som er fastsett i vedlegget til dette vedtaket.

Artikkel 4

Ved gjennomføringa av dette vedtaket skal medlemsstatane gje kvarandre administrativ hjelp.

Irland skal fungere som koordinerande medlemsstat med omsyn til artikkel 1 og Belgia med omsyn til artikkel 2, for å sikre at den samla mengda ikkje overstig den største mengda som er fastsett i vedlegget.

Medlemsstatar som mottek ein søknad etter artikkel 3, skal straks melde frå til den koordinerande medlemsstaten om den mengda som er ført opp i søknaden. Den koordinerande medlemsstaten skal straks informere den medlemsstaten som har gjeve meldinga, om godkjenninga av søknaden vil føre til at den største mengda vert overskriden, eller ikkje.

Artikkel 5

Medlemsstatane skal straks melde frå til Kommisjonen og dei andre medlemsstatane om kor store mengder frø som det er gjeve løyve til å marknadsføre i medhald av dette vedtaket.

Artikkel 6

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 4. april 2003.

For Kommisjonen

David BYRNE

Medlem av Kommisjonen

VEDLEGG

(i tonn)

Art	Sort	Største mengd
Med omsyn til artikkel 1		
Triticum aestivum	Alexandria, Ashby, Baldus, Chablis, Raffles	750
Med omsyn til artikkel 2		
Triticum aestivum	Baldus, Cadenza, Minaret, Pasteur, Quattro Thasos, Tinos	1 500